# Fylket ynskjer ynglande gaupe i heile Valdres

**Fylkestinget røysta for å utvide områda til å omfatte alle kommunane i Valdres. Motivet er Stortinget sin målsetjing om fem ynglande gauper i Oppland og at ein lettare skal kunne ta ut skadedyr.**



**VIL AUKE TALET:** Fylkestinget røysta for framlegget om å auke gaupeområda til å omfatte heile Valdres. Grunnen til dette er å auke talet på ynglingar for å imøtekoma Stortinget sitt vedtak. Foto: Scanstock

Rovviltnemnda hadde framlegg om tre geografiske område for rovvilt og fylkestinget røysta fram forslaget om ynglande gauper i heile Valdres.

Høgre, Venstre, Framstegspartiet og Senterpartiet røysta mot framlegget, medan Arbeidarpartiet, Sosialistisk venstreparti og Kristeleg folkeparti røysta for.

### Handheve vedtak frå Stortinget

Arbeidarpartikvinna Reidun Gravdahl, meiner vedtaket er positivt.

– For å bevare den lokale råderetten, må vi handheve dei nasjonale vedtaka frå Stortinget. I den nasjonale planen står det at det skal vera fem ynglande gauper og 4 ynglande jervar i området. Når vi no utvidar desse områda, vert det lettare å oppnå desse målsetningane frå Stortinget, seier Gravdahl.

### Etterlyser førebyggjande arbeid

Gravdahl seier at bøndene også kan nytte fleire tiltak for å verne beitedyra mot rovdyr.

– Det er sett av pengar til radiobjeller, gjeting, inngjerdingar og andre tiltak. Interesseorganisasjonen for sau og geit i Oppland støttar Stortinget sine målsetningar om ynglingar og det har aldri vore meir enn fire ynglingar i Oppland. Dersom vi ikkje får til det, kan vi risikere at Direktoratet for Naturvern tek over forvaltninga.

### Vanskeleg å røyste for

Som Arbeidarpartipolitikker og sauebonde, fann Ove Skaret det vanskeleg å røyste for framlegget.

– Det seier seg vel kanskje sjølv at eg tykkjer dette er vanskeleg. Som sauebonde er ikkje gaupe det du ynskjer i beitemarkene.

### Uforståeleg

Venstreordførar i Vestre Slidre. Eivind Brenna, ytra at det er svært vanskeleg å skjøne argumentasjonen til Gravdahl.

– Det er så mykje gaupe i våre område at ein skulle ikkje trenge fleire ynglingar. Det er jakt kvart einaste år og det er vel den beste indikasjonen på at ein ikkje treng å auke bestanden. Om Stortinget vedtek at det skal vera fem ynglande gauper i året, kan ein ikkje vedta kvar dei skal yngle.

### Utvide for å ta ut

Eit annan av argumenta for å utvide områda til gaupa, er at ein lettare skal kunne ta ut skadedyra.

– Slik eg ser det så er det vanskelegare å ta ut skadedyr på eit større område, seier Brenna. – Det vert større jaktområde og det høyrest rart ut at det skal gjere det lettare. Etter mitt syn er Gravdahl alt for lojal mot direktoratet.

**Trond Rogne**
trond@avisa-valdres.no 40632107

# – Ingen tvil om at vi valgte riktig

**For en tid tilbake ble det holdt en offisiell overrekkelse av prisen for «Årets Campingplass 2010.» Det er 11. gang prisen blir utdelt.**



**OFFISIELL OVERREKKELSE:** Her mottar Erik Kroon blomster fra Lars Thomas Eriksen, markedsansvarlig i Norsk Caravan Club. I bakgrunnen ser vi Kaja F. Idstad med diplomet, og president i Norsk Caravan Club, Oddbjørn Olsen.

– Det er ingen tvil om at vi valgte riktig plass, sa presidenten i Norsk Caravan Club, Oddbjørn Olsen, under overrekkelsen.

Han mener prisen gir anerkjennelse i bransjen. Og lovordene strømmet på.

– Dette er et sted i rivende utvikling, sier Olsen. Han roser campingens satsing på barn, det nye sanitæranlegget og det positive vertskapet.

Ordføreren i Nord-Aurdal kommune, Helge Halvorsen, var også til stede. På vegne av kommunen ga han sine gratulasjoner og framhevet at de setter pris på verdiskapningen og arbeidet som blir lagt ned på campingplassen.

Kaja F. Idstad, Erik og Anne Kroon ved Fagernes camping, strålte om kapp med den fine sommersola under utdelingen.

**Siri Høivik Storeng**
siri@avisa-valdres.no 40632142







Vevstoga

Kvikakodag
laur. 9. juli kl. 10 – 15
Kl. 12 kjem meteorologen John Smits og pratar om sitt forhold til kvikako.
Overraskande ting skjer utover dagen.

Hattetreff
sun. 17. juli kl. 10 – 15
Tak hatten på og kom og kos deg! Kl 14 blir det juryering på dagens hatt. Premien er å handle for 500,-. Musikkinnslag m.m.

Hjarteleg velkomne
2967 Lomen Tlf./fax 61 34 39 99
www.maritannysvevstogo.no



Markens-tilbud
torsdag, fredag og lørdag
Alle sommervarer
÷30%
Du får det hos
SKOGSTAD
Fagernes - Tlf. 61 36 04 84
God parkering bak forretningen



BJØRKEVED
Hent sjølv eller få veden tilkjørt.
Leverer i heile Valdres
Strandmo ved · tlf. 900 90 640
erikfodnes@yahoo.no



